



---

Arkivsak-dok. 20/04379-23  
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	15.03.2021	
Kommunestyret	25.03.2021	

---

## Kommuneplan 2021 - 2030 - Planstrategi og planprogram

### Administrasjonssjefen si innstilling:

I medhald av PBL kap. 10 og 11 godkjenner kommunestyret forslag til Planstrategi og Planprogram for Vestnes kommune, slik det går fram av vedlagte dokument i saka.

### Saksopplysninger

#### Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok i september 2020 opplegget for kommuneplanprosessen slik:

1. Slå saman planprogram og planstrategi til 1 dokument som ein del av oppstartsmeldinga
2. Slå saman samfunnsdelen og arealdelen til 1 dokument og dermed 1 prosess
3. Slå saman handlingsdelen og økonomiplanen til 1 dokument
4. Ta utg. punkt i gjeldande dokument og oppdatere/tilføy/trekke frå etter behov
5. Formannskapet er styringsgruppe (planutvalet konsultert for arealdelen)
6. Oppstart i løpet av hausten 2020

I november vedtok formannskapet (styringsgruppa) oppstart av prosessen og la samtidig forslag til planprogram og planstrategi ut til offentleg ettersyn, med frist for innspel sett til 20.januar 2021. Det er mottatt 7 innspel til dokumentet, som alle er referert og kommentert/vurdert (*i kursiv*) nedafor. Justeringar i dokumentet «planstrategi og planprogram» er markert med gult. Sjå siste vedlegget.

### Vurdering

**Ålesund kommune** ser positivt på eit samarbeid mellom Vestnes og Ålesund knytt til delte friområde, vegprosjekt som knyter dei 2 kommunane tettare saman og samarbeid på helseområdet.

*Administrasjonssjefen set pris på tilbakemeldinga og ser fram til eit samarbeid slik Ålesund nemner. Kanskje er det også håp om at Ålesund vil fullføre vegen over Kjersemfjellet/Vaksvikfjellet med same*

*standard som Vestnes har bygd på si side. I Planstrategi og planprogram er det tilføyd samarbeid med nabokommunane under fokusområda 2 og 7 - Samferdsel og pendling og Kultur og fritid.*

**Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma** etterlyser i fellesskap meir fokus på utkantane i kommunen, konkret på vegar, vegvedlikehald, kollektivtransport for eldre og funksjonsnedsette. Vidare ønsker dei tilrettelagde bustader for eldre, f.eks. bukollektiv med samordna tenester etc. Eldrerådet har munnleg også teke opp moglegheita for kursing i datakunnskap for eldre.

*Administrasjonssjefen er samd med råda i at det er svært viktig å halde infrastrukturen i kommunen i orden og at vi gjerne tek det som ei sjølvfølge at dette er på stell. Likevel er det over tid løyvd for lite pengar til vedlikehald og reasfaltering av vegar. Dermed bygger det seg opp eit etterslep og tilgjengelege midlar blir ofte prioritert brukt der det er mest trafikk og der flest mogleg får nytte av det. Tilrettelagte bustader eller bukollektiv for eldre er ein god ide, som kan gjennomførast både av kommunen og private. Administrasjonssjefen rår til at ideen blir vurdert i det vidare kommuneplanarbeidet og det er foreslått ei tilføyning i planstrategi og planprogram under fokusområde 6 – Folkehelse og omsorg. Når det gjeld datakurs for eldre, kan det vurderast om dette er eit tema frivilligsentralen kan utfordrast på.*

**Ungdomsrådet** meiner visjonen til Vestnes kommune er god og at vi bør halde oss «midt i blinken». Rådet meiner vidare at vi skulle hatt fleire arbeidsplassar som ikkje berre er verfts-relaterte, men at det også trengs informasjon til unge om kva verftsindustrien tilbyr av varierte jobbmoglegheiter. Generelt bør jobbtilbod i kommunen også utlysast andre stader enn nettstaden til kommunen. Ungdomsrådet ønsker også at det blir vurdert eit kontorfellesskap for sjølvstendig næringsdrivande, der folk kan ta del i eit større og nytenkjande fagmiljø. Til slutt nemner rådet trafikkforholda ved Furneset ferjekai. Aukande trafikk gjer det farlegare både for ungdom skal på VGS i Molde og for vaksne pendlarar, særleg no når det ikkje lenger går båt over fjorden og alle må ta ferja. Situasjonen er uoversiktleg og det manglar både gangveg og moglegheit for trygg kryssing av europavegen.

*Administrasjonssjefen tek med seg den treffande meininga om visjonen i det vidare kommuneplanarbeidet og er samd i at det må arbeidast for å legge til rette fleire og meir varierte arbeidsplassar i Vestnes. Det blir m.a. eit hovudtema i kommuneplanens arealdel å finne nye/fleire eigna areal til næringsverksemd. Informasjon om og framsnaking av dei arbeidsplassane som faktisk finns, er også ei viktig oppgåve. Her kan vi kanskje utfordre Vestnes Næringsforum (VNF), som har dei fleste bedriftene som medlemmar. Kontorfellesskap for gründerar og unge næringsdrivande bør drøftast vidare i kommuneplanarbeidet og igjen kan VNF vere ein god samarbeidspart. Planstrategi og planprogram er utvida på desse punkta under fokusområde 1 – Næringsutvikling. Både politikarane og administrasjonen har vist til dei uakseptable trafikkforholda på Furneset og bede Statens vegvesen utbetre dette snarast. Dette må vi berre fortsette med inntil jobben blir gjort. Planstrategi og planprogram er justert og forsterka på dette i siste punktet under samferdsel.*

**Vestnes Varfjell Idrettslag:** Viser til at kommunen har eit aktivt og allsidig idrettsmiljø med gode anlegg og veldrivne idrettslag og at dette bør nemnast i kulepunkta under visjonen på side 6 i dokumentet. Dei foreslår også ein tekst, som strategi for kultur og idrett, mellom anna at Vestnes kommune skal bidra aktivt til realisering av framtidsretta arenaer for eit mangfald av kultur og idrett.

*Administrasjonssjefen viser til at teksten under visjonen på side 6 er justert, likeins kulepunkt 1 under Kultur og fritid, slik at idretten er tydelegare nemnt som ein trivsels- og helsefaktor. Rår elles til at kommunen som bidragsytar til idretts og kulturarenaer blir vurdert i samfunnsdelen av kommuneplanen.*

**Mattilsynet:** Meiner det er viktig at vi tek med eit punkt om omsynssoner for drikkevatn og at kommunen i sitt planverk sikrar tilstrekkeleg areal for drikkevasskjelder, reservevassforsyning, nedbørsfelt etc.

*Administrasjonen viser til at teksten under kommuneplanens arealdel er tilføyd eit nytt kulepunkt om drikkevatn. Sjå elles kommentar under MRFK sitt innspel om vassforvaltning.*

**Møre og Romsdal Fylkeskommune (MRFK)** har teke føre seg mange emne som kan vere aktuelle i kommuneplanarbeidet. Innleiingsvis seier MRFK at framlegget til planstrategi og planprogram er systematisk og ryddig bygd opp, viser til aktuell statistikk, presenterer utfordringar på bakgrunn av dette og har ei oversikt over planar som skal møte desse utfordringane. MRFK åtvarar mot at kommuneplanprosessen i seg sjølv kan ta tid, slik at dette blir eit hinder for at kommuneplanen blir eit godt politisk styringsverktøy. Dei er derfor positiv til at Vestnes kommune slår saman planane sine og forenkler planlegginga.

*Administrasjonssjefen glad for den positive tilbakemeldinga frå MRFK om forsøket på å slå saman planstrategi og -program til 1 dokument. Raskare og enklare prosessar kan gjere planane våre meir dagsaktuelle, medan lengre prosessar ofte ikkje er rasjonell bruk av offentlege ressursar.*

**MRFK** har mange gode råd for kommuneplanarbeidet, men det vil føre for langt å kommentere alt her, utover at vi tek det med oss i det vidare planarbeidet. Administrasjonssjefen refererer og kommenterer derfor berre eit utval av dei viktigaste innspela til forskjellige tema i planarbeidet:

**Samferdsel:** MRFK viser til statlege retningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og at kommunen bør ha ein langsiktig arealbruksstrategi, som legg til rette for auka bruk av kollektivtransport, sykkel og gåing som alternativ for privatbil. Vidare bør lokal plan for trafikktrygging rullerast jamleg, samt at Furneset bør omtalast meir som kollektivknutepunkt.

*Administrasjonssjefen viser til at revidert trafikktryggingssplan er under utarbeiding og Vestnes kommune vil presse på for utbetring av trafikkforholda ved Furneset ferjekai uavhengig av kommuneplanen. Når det gjeld auka bruk av kollektivtransport, sykkel etc. som alternativ til privatbil, er dette generelt ønskeleg, men framstår noko paradoksalt når stat og fylke etter kvart fjernar både hurtigbåt og ferje over Romsdalsfjorden og legg opp til ei framtidig fjordkryssing som er lite eigna for sykkistar og mest gagnar bilistane. Administrasjonssjefen rår derfor til at MRFK og Staten legg til rette for ein attraktiv bussterminal ved ny E39 på Vik og gjenopprettar hurtigbåtruta når ferja blir nedlagt. I mellomtida må Furneset som kollektivknutepunkt gjerast både attraktivt og ikkje minst tryggare. Viser til justert formulering om Furneset under fokusområde 2 – Samferdsel og pendling.*

**Tettstadutvikling:** MRFK støttar kommunen sine vurderingar om at sentrumsutvikling er eit viktig verktøy for å nå måla om økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Det er samtidig viktig med kommunikasjon og godt samspel med bygdene. MRFK understrekar at fråvær av eit konkurrerande kjøpesenter utanfor sentrum gjer at sjansen for å lukkast med sentrumsutviklinga er vesentleg større. Det er derfor viktig at ein ikkje opnar for handelsetablering, kontor og næringsparkar utanfor sentrum i framtida.

*Administrasjonssjefen rår til å fortsette det gode og langsiktige samarbeidet med MRFK om tettstadutviklinga, også med ambisjon om godt samspel med bygdene, slik at tettstaden framstår som ein attraktiv og felles handels- og sosial møteplass. Ikkje berre for heile kommunen, men også for distriktet ikring. Teksten om fullføring av Sjøfronten del 3 og vidare langsiktig arbeid er endra etter råd frå MRFK. Sjå siste punkt under fokusområde 3 – Tettstadutvikling.*

**Barn og unge:** MRFK viser til at barn og unge må ha eit særskild fokus i alle plansaker og at plandokumentet bør synleggjere både korleis denne gruppa har medverka og korleis medverknaden har ført fram til konkrete resultat.

*Administrasjonssjefen viser til undertittelen «Sats på dei unge» i planstrategi/planprogram. Eksempel på medverknad er Ungdomsrådet, som er høyringspart i både i denne saka og andre plansaker. Seinare i kommuneplanprosessen blir medverknaden breiare med involvering av skular, barnehagar og foreldregrupper. Administrasjonssjefen har ikkje vurdert at endringar i forslaget til planstrategi og plangram er nødvendig.*

**Folkehelse:** Dei grunnleggande prinsippa for folkehelsearbeidet er; helse i alt vi gjer, utjamning av sosiale helseforskjellar, berekraft, føre-var og medverknad. MRFK etterlyser oversikt over kva som er gjort og viser m.a. til rettleiar til systematisk folkehelsearbeid.

*Folkehelsa er viktig, ikkje minst i eit langsiktig perspektiv der vi blir stadig fleire eldre i forhold til aldersgruppene i yrkesaktiv alder. Vi ser alle verdien av god beredskap og godt systematisk arbeid frå det offentlege når vi blir råka av korona-pandemien. I det daglege må ein likevel ikkje gløyme at kvar og ein av oss sjølv har ansvaret for eiga helse. Vi har såleis ikkje vurdert at det er behov for verken endringar i forslaget til planstrategi og plangram eller å prioritere ein ny folkehelseplanen i komande planperiode.*

**Akvakultur:** MRFK ser det som positivt om Vestnes vil revidere den interkommunale planen for Romsdalsfjorden og føreset at dei etablerte akvakulturaktørane blir invitert i arbeidet. Tiltår å bruke marine grunnkart, som gir forvaltning og næringsliv uvurderleg kunnskap om kva for område som best eignar seg for næringsverksemd.

*Administrasjonssjefen tek med seg råda frå MRFK i vidare planarbeid. Behovet for revisjon av den relativt nye interkommunale planen viser berre kor statisk ein plan kan vere og kor raskt forutsetningane endrar seg og gjer planar utdaterte. Planen må både tilpassast ny kunnskap og ny teknologi i oppdrettsnæringa og også samordnast med behov for landbaserte aktivitetar, enten det gjeld oppdrett eller andre næringar og aktivitetar i strandsona. Det er også ei nasjonal forventning at kommunane set av nok areal til ønska vekst i oppdrettsnæringa og dermed framtidig matproduksjon. Endringar i forslaget til planstrategi og plangram vert ikkje vurdert nødvendig.*

**Vassforvaltning:** Vatn er ein svært viktig naturressurs og ifølgje nasjonale føringar for vassforvaltning skal vassforvaltninga bli ivaretatt i kommunal arealplanlegging, mellom anna ved restriksjonar på arealbruk, for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar etc. Rår til at vassforvaltning og ivaretaking av natur- og naturmangfald bør vere eit prioritert område i kommune sine planer, som med fordel kan inngå som eige fokusområde under «utviklingstrekk og utfordringar»

*Administrasjonssjefen viser til at kommunane har eit ansvar for å sikre trygg tilgang og tilstrekkeleg kvalitet og kvantitet i vassforsyninga. Vestnes har tradisjon for å ivareta nedslagsfeltene for drikkevasskjeldene våre som omsynssoner i arealplanen. Aktuelle fokusområde blir vurdert i samfunnsplanen, men ivaretaking av vatn som naturressurs er også inkludert i heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse. Endringar i forslaget til planstrategi og plangram er ikkje vurdert nødvendig.*

**Landbruk:** Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat. Nasjonalt mål at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 dekar, ikkje over 200 daa i fylket. Kommuneplanens samfunnsdel bør gje tydelege føringar til arealplanlegginga på dette området.

*Administrasjonssjefen viser til at ved revisjon av arealplanen er det ein ambisjon å sikre den beste dyrkajorda til framtidig matproduksjon. Dette er omtalt i teksten under overskrifta «Kommuneplanens*

arealdel». Denne ambisjonen medfører ein viss fare for konflikt med andre og svært viktige ambisjonar, som til dømes utvikling av næringsareal og arbeidsplassar. Her gjeld det å finne den rette balansen og eventuelt adekvate avbøtande tiltak.

**Universell utforming:** Viktig for barn og unges oppvekstmiljø, folkehelse, eldrepolitikk, integrering og inkludering og bør nedfellast i overordna planlegging, konkretisert i detaljplanlegging og følgd opp i byggesaksbehandling.

*Administrasjonssjefen er samd i MRFK si vurdering, men finn ikkje grunn til å tilrå endringar i «planstrategi og planprogram». Viser til fokusområdet kultur og fritid, der omgrepet universell utforming er nemnt.*

**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SF)** har teke føre seg mange emne som kan vere aktuelle i kommuneplanarbeidet. Generelt presiserer SF at dei ønsker å vere ein god medhjelpar i prosessen med kommuneplanen og at dei ved dette høvet legg hovudvekt på gode råd og rettleiing knytt til det vidare planarbeidet. SF minner om at det nye kommunestyret skal gjennom planstrategien avklare planbehov kommunen har i komande planperiode. Kommuneplanens samfunnsdel skal deretter utifrå vedtatt planstrategi og planprogram gjere nærare greie for kva mål og delmål som skal prioriterast vidare.

**Planfagleg:** SF viser til at dersom kommuneplanens samfunnsdel skal bli eit viktig lokalpolitisk styringsdokument, slik PBL legg opp til, vil dette stille krav om at planen må vere knytt til valperioden og vedtakast tidleg i perioden. Samtidig viser SF til at arbeidet med eit samla utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag er viktig del av planstrategiarbeidet og vidare arbeid med samfunnsdelen. Dokumentet Vestnes har sendt på høyring inneheld ikkje noko klart skilje mellom planstrategien og planprogrammet og SF følgjer opp med råd om korleis strategidelen kan utvidast og planprogrammet strukturerast. SF etterlyser nærare gjennomgang av vidare planprosess med skildring av ressursar i planarbeidet, medverknad, behov for utgreiingar etc. Likeså viser SF til meir statistikk osv. som grunnlag for drøfting av framtidig utvikling.

**Administrasjonssjefen** vil drøfte den vidare kommuneplanprosessen, herunder medverknad, med formannskapet som styringsgruppe. Prosessen må til ein kvar tid samordnast med den aktuelle smittesituasjonen i samfunnet. Generelt meiner administrasjonssjefen det er positivt med hjelp og godvilje frå SF, men også overveldande kva ambisjonar SF har på vegne av kommunane om omfangsrike planprosessar.

1. På den eine sida skal helst kommuneplanprosessen vere så kort og effektiv at den kan følgje dei politiske periodane (kvart 4. år) og vere vedtatt tidleg i perioden.
2. På den andre sida skal planane vere så altomfattande og inkludere alle tenkelege tema, drøfte utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag, ta omsyn til FN's 17 berekraftsmål, ha medverknad frå alle grupper og instansar osv. at pkt. 1 til slutt kan bli ein utopi.

Det synes å vere ein sterk tru på at til meir omfattande og omfangsrike planer blir, til betre blir planane. Slik kan ikkje ein administrasjonssjefen for knappe 7000 menneske med avgrensa økonomiske og administrative ressursar tenkje. Sett på spissen må våre tilmålte ressursar brukast så effektivt som råd og våre planar vere så kortfatta og poengterte som mogleg.

Vi legg derfor meir vekt på tilbakemeldinga frå MRFK, som meiner dokumentet Planstrategi og Planprogram er systematisk og ryddig bygd opp og «åttvarar mot at kommuneplanprosessen i seg sjølv kan ta tid, slik at dette blir eit hinder for at kommuneplanen blir eit godt politisk verktøy.»

Dersom kommuneplanen skal vere eit nyttig styringsreiskap og kunne reviderast kvart 4. år, må planprosessane bli enklare, dokumenta meir spissa, ha klare prioriteringar, samtidig som statlege krav og forventningar til innhald må bli mindre altomfattande. I motsett fall er det fare for at desse

*prosessane blir langdryge, byråkratisk akademiske øvingar med mindre nytteverdi og unødig forbruk av offentlege ressursar. Vi har likevel og sjølv sagt respekt for SF sine mangfaldige råd til vår kommuneplan og vil nytte desse som påminningar og oppslagsverk i det vidare planarbeidet. Likeins legg vi til grunn at SF har respekt for vår ambisjon og tru på at noko enklare og meir lettfattelege plandokument og kortare prosessar (innanfor aktuelle lovkrav) kan gjere kommuneplanen like nyttig i dagleg bruk.*

Av andre viktige tema SF tek opp nemner vi:

**Barn og unge:** SF minner om FN's barnekonvensjon, der det heiter at «barn har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved og at barnet sine meiningar skal leggast vekt på». Minner om deltaking frå alle aldersgrupper og nemner særleg bruken av ungdomsrådet. Viser også til PBL sin formålsparagraf og prinsippet om at barn og unges oppvekstvilkår skal ivaretakast ved planlegging.

*Administrasjonssjefen viser til at ungdomsrådet er fast høyringspart i plansaker og at det også er naturleg å inkludere skular og foreldre grupper i det vidare planarbeidet. Undertittelen «Sats på dei unge» i dokumentet om planstrategi/planprogram, er eit signal om viktigheita av å bygge eit framtidig lokalsamfunn som er attraktivt for barn og unge, der unge familiar ønsker å etablere seg.*

**Arealrekneskap:** SF ber om ein arealrekneskap over planreservar, som viktig bakteppe for behovet for utbygging i komande periode.

*Administrasjonssjefen viser til intensjonen i planstrategi/-program, der dette temaet vil bli del av arealplanen. Det er likevel slik at for å skape etterspørsel etter f.eks. bustadtomter, må vi kunne tilby eit mangfald av attraktivt plasserte tomter, som gir stor valfridom, bulyst og som kan tilfredsstille ulike prioriteringar etablerarar har. Det er såleis ikkje nok å by fram berre eit omfang tomter tilsvarande eit gjennomsnittleg årleg behov.*

**Skule og barnehagar:** SF minner om at barnehage- og skuleeigar har hovudansvaret for kvalitets- og kompetanseutvikling i sine verksemdar og at alle barn fortener ein god start og trygge rammer.

*Administrasjonssjefen viser til at planstrategien legg opp til temaplanar for kvalitetsutvikling og tilstandsrapport i grunnskulen, samt eiga temaplan for barnehagar.*

**Folkehelse:** Kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid og til ei kvar tid ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga.

*Administrasjonssjefen viser til at planstrategien legg opp til årleg oppdatering av «oversikt over helsetilstanden», og til ny omsorgsplan i 2022 og ny bustadsosial handlingsplan i 2023. Viser elles til kommentaren under MRFK sitt innspel om folkehelse.*

**Helse, omsorg og sosiale tenester:** Kommunane skal både sikre at det blir gitt fagleg forsvarlege helse-, omsorgs- og sosiale tenester samt sikre rett og forsvarleg kompetanse i desse tenestene. Førebygging, habilitering/rehabilitering og tidleg innsats er sentrale mål i helse og omsorgssektoren.

*Administrasjonssjefen viser til at «Strategisk kompetanseplan» er ein del av planstrategien, likeså «Plan for habilitering og rehabilitering» og legg til at det truleg blir ei sentral utfordring i framtida både å rekruttere og behalde nødvendig fagpersonell, særleg innafor pleie- og omsorgstenester, og samtidig utvikle tenester med mindre personellbehov.*

**Natur- og miljøvern:** SF minner om at PBL er eit viktig verktøy for å ta vare på naturen. Arealforvaltning er sentralt for ivaretaking av miljøomsyn i eit langsiktig perspektiv. Endringar i arealbruk kan påverke til dømes klimautslepp, tap av natur og dermed nasjonale klima og miljømål.

*Administrasjonssjefen er samd i at det er nødvendig å hushaldere med arealressursane, men samtidig må ein viss bruk akseptast for at lokalsamfunna skal vere berekraftige og kunne eksistere vidare. Tilrettelegging for attraktive bustadområde, næringsareal og nye arbeidsplassar er såleis nødvendig og utfordringa er å finne ein god og balanse mellom dei ulike omsyna. Dette blir å kome attende til i kommuneplanens arealdel.*

**Strandsona:** SF presiserer at det er viktig at kommunane har fokus på verdiane i strandsona og nemner omsyn til natur, kulturminne, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette er viktige tema når kommunen har tenkt å ha ein gjennomgang av byggegrense mot sjø.

*Administrasjonssjefen viser til at det generelle forbodet mot tiltak i 100 metersbeltet frå sjøen ofte er lite tilpassa realitetane på våre kantar, her vi bur og driv næring på ei relativt smal stripe mellom fjord og fjell. Det gjeld såleis å ha to tankar i hovudet samtidig, der vi kan legge til rette for både vern og bruk.*

**Landbruk:** SF viser til nasjonale jordvernmål og har forventningar til at matjorda og landbruksnæringa i Vestnes blir prioritert i komande planarbeid og varslar at det ved framlegg om omdisponering av dyrka mark, skal det vurderast alternativ.

*Administrasjonssjefen viser til at ved revisjon av arealplanen er det ein ambisjon å sikre den beste dyrkajorda til framtidig matproduksjon. Dette er omtalt i teksten under overskrifta Kommuneplanens arealdel. Likevel er det slik at om lokalsamfunn som Vestnes skal eksistere også i framtida, må det akseptast bruk av areal til anna formål enn landbruk.*

**Samfunnstryggleik og klimatilpassing:** All planlegging skal fremje samfunnstryggleik og kommunane pliktar å legge heilskapleg ROS-analyse til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik og arealplanar. SF ønsker at revidert «heilskapleg ROS» blir lagt til grunn i arbeidet med ny samfunnsdel og arealdel.

*Administrasjonssjefen tek innspela til vitande, likeins rådet om at klimatilpassing vert vurdert i revisjon av «Energi- og klimaplan».*

**Klimagassutslepp:** Skal reduserast med 50% innan 2030 og kommunane skal bidra til reduksjon av utslepp og auka miljøvenleg energiomlegging. Kommunen kan ikkje vente til 2024 med å ta tak i klimautfordringane (ny energi- og klimaplan). SF føreset at kommunen set ambisiøse mål og gjennomfører tiltak også før 2024 og rår til å lage klimabudsjett og klimarekneskap med same organisering som kommunen sitt økonomiske rekneskap. Samtidig ber SF kommunen sette i verk alle «sjølvsgate» klimatiltak, som å skifte til el-bilar, sette klimakrav til alle innkjøp osv. Kommunen bør vurdere å integrere klima- og energiplanlegging i kommuneplanens samfunnsdel og handlingsdel, jf. rettleiaren til klima- og energiplanlegging. Her er også gode råd om korleis næringsliv og innbyggjarar kan motiverast til handling gjennom medverknad. Kommunen må vurdere om dette er godt nok ivaretatt i kapittelet «Prosess og påverknad» i dokumentet Planstrategi og Planprogram for Vestnes kommune. SF minner også om at arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren og frå endra arealbruk gjennom avskoging, bruk av myr etc. SF rår såleis generelt til å stø opp om etablert sentrums- og tettstadstruktur, konsentrert utbygging, samt revurdering av område som tidlegare er sett av til utbygging, men ikkje tatt i bruk.

*Administrasjonssjefen tek SF sine innspel til vitande og sjølvsgat må Vestnes gjere klimavenlege val der det er mogleg og naturleg. Vestnes kommune er ein del klimanettverket og berekraftfylket. Her får ein gode indikatorar til å måle utviklinga knytt til klima i kommunen, jf. FN sine berekraftmål. Ambisjonane i planstrategien knytt til energi- og klimaplan er heva frå 2024 til 2022.*

**Konklusjon:** SF konkluderer med at sammenhengen mellom kunnskapsgrunnlaget og planstrategien på den eine sida og planprogrammet for kommuneplanen på den andre sida kunne vore tydelegare. Dokumentet har i liten grad drøfta FN's berekraftsmål som premisse for det vidare arbeidet med kommuneplanen og som utgangspunkt for nærare omtale og vurdering av mål og strategiar sett i lys av lokale behov og føresetnader. Det er viktig å sikre god samanheng mellom kommuneplanens samfunns- og arealdel, men slik at samfunnsdelen kjem først. SF viser til alle sine merknader og ber om at dei blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet, spesielt viktig at kommunen arbeider med klimatilpassing og klimagassreduksjon. SF vil seinare kome tilbake med meir utfyllande innspel og merknader til ulike fag- og temaområde.

*Administrasjonssjefen har gått gjennom FN sine 17 berekraftsmål og vurderer mål nr 6, 9, 11 og 17 som mest aktuelle å arbeide med i Vestnes sin kommuneplan. På mange måtar er den viktigaste forma for berekraft vi som kommune kan arbeide med, er å legge til rette for at vår kommune kan eksistere som attraktivt område for busetting og næringsliv også i framtida. Dette er nødvendig for å kunne halde oppe det kommunale servicenivået til ein stadig større eldre del av befolkninga. Når ein ser på verdiskapinga som tradisjonelt har vore til stades langs kysten vår, må ein kunne anta at vidareføring av gode vilkår i distrikts-Norge er av nasjonal verdi også i tida som kjem.*

## **Vedlegg**

Merknad frå Ålesund kommune til Kommuneplan 2021-2030 - Vestnes kommune - planprogram og planstrategi - offentlig ettersyn

Innspel Kommuneplan 2021-2030 - Vestnes Varfjell IL

Kommuneplan 2021-2030 - planprogram og planstrategi - Uttale frå Vestnes eldreråd og Rådet for funksjonshemma.docx

Uttale til kommunal planstrategi 2021-2030 - offentlig ettersyn - Frå Møre og Romsdal fylkeskommune Høyringsvar til kommuneplan - frå Vestnes ungdomsråd

Kommuneplan 2021-2030 - Fråsegn til offentlig ettersyn - frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Uttale til kommunal planstrategi 2021 - 2030 - Frå Mattilsynet

Planstrategi og planprogram, revidert etter offentlig ettersyn

## **Særutskrift:**